



Einar Marte og Terje Skorpen

5419 FITJAR

Dato: 05.04.2016  
Vår ref.: 2015/2164-91  
Saksbehandlar: irekron  
Dykkar ref.:

## S/K Seladon - Fartøyvern 2016 - Underretting om vedtak

Vi viser til søknaden Dykkar om tilskot til fartøyvern.

Søknaden vart handsama av utval for kultur, idrett og regional utvikling i møte den 16.03.2016, sak 44/16. Dykkar søknad vart diverre gitt avslag.

### **Grunngjeving**

I retningslinene står det at fartøy må ha vernestatus for å få midlar frå denne tilskotsposten. "Seladon" har søkt, og fått avslag på vernestatus frå Riksantikvaren. Tidlegare har fartøyet fått tildelt midlar frå fartøyvernpotten og etter dei at retningslinene vart vedteke, fekk dei tilskot frå ålmenne kulturmidlar. Vi har oppmoda Smedholmen A/S til å søke andre stønadsordningar. Seladon arrangerer turar og kurs for skuleungdom, barnehagar, folkehøgskular, lærarhøgskular, organisasjonar og bedrifter. Drifta av "Seladon" har gitt prisar frå fylket, Forbundet Kysten, kommunen og Johannes Kleppeviks minnefond, men vi kan ikkje tilrå midlar frå denne tilskotsposten sidan det er i strid med retningslinene.

### **Klage/partsinnsyn**

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at De etter Forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd  
konst. Fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved  
konst. fylkeskonservator

Sakshandsamar: Stein Ottosen

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*